



Aktivitetsskalender

Dette skjer i Fresvik:

Måndag 23. feb Jegerprøve

Tysdag 24. feb Årsmøte
beitelaget

Onsdag 25. feb. Årsmøte i
korpset.

Søndag 1. mars gudsteneste
og årsmøte

Måndag 2. mars:
Måneskinnstur

Onsdag 4. mars: Bokbåten

Onsdag 4. mars: Årsmøte IL
Modig

Fredag 13. mars damekveld

Måndag 16. mars Årsmøte
Fresvik Kjølelager

Dametric kvar måndag kl
19.30 i gymsalen

Biblioteket er ope kvar
onsdag 18-20 og torsdag 9-13

Årsmøte

Det vert årsmøte i korpset
onsdag 25. februar kl 20:00 i
biblioteket.

Gudsteneste og årsmøte

Søndag 1. mars kl 11 er det
gudsteneste i Fresvik kyrkje
ved sokneprest Jostein
Skutlaberg. Offer til Kristent
fengselsarbeid ved Olav
Martin Hove.

Etter gudstenesta vert det
årsmøte og kyrkjekaffi.
Soknerådet legg fram
årsmelding og rekneskap for
2014.
Godkjenning av lokal
grunnordning for gudstenester.
Hjarteleg velkommen til
kyrkje!

Innlegg kan leverast i postkassa til
skulen eller sendast til fylgjande
adresse: **Bygdanytt**
Fresvik skule 6896 Fresvik.
eller bygdanytt@fresvik.skule.no

Redaksjonen må vita namnet på
innsendaren sjølv om du vil vera
anonym i avisa.
Innlegg til neste nr. må leverast
innan den 10. i neste månad.

BYGDANYTT

Nr 3- 2015

14. årgang

Årsmøte i IL Modig

NB: Utsett!

Pga møte-krasj 24/2 har styret
valt å flytte årsmøte til
ONSDAG 4/3 kl 19.00 i
klubbhuset. Håpar at mange
kan stille!



Butikkbarometeret til og med 7. februar 2015.

Året 2015 startar godt. Fram
til 7. februar har vi omsett for
532.000 kroner mot 518.000
på same tid i fjor. Budsjettala
er ikkje klare enno – dei får vi
koma attende med.

Butikken vil ha ei
prøveordning fram til påske.
Vi har ope onsdagar til klokka
17.00 for å nå fram til dei som
pendlar. Blir ordninga brukt,
vil vi vurdera å halda fram
også etter påske.
7. mars kl. 12.00 blir det ny
trekning i handlelotteriet. Vi
har fått nesten berre gode
tilbakemeldingar. Det er ikkje
lagt opp til noko «kjøpepress»,
men meint som ein positiv
aktivitet. Dei som ikkje
handlar for den bestemte
summen er også svært
velkomne. Nokon vil ha med
seg kassalappen heim. Dei kan
berre be om ein ekstra i kassa.
Denne dagen blir det servert
kaffi og vafler.



Korpset treng musikantar!



Har du lyst til å begynna, eller kunne tenka deg å ‘‘blåse liv’’ i dine gamle kunstar som korpasmusikant, er du hjarteleg velkomen til å vera med oss. Me stiller ingen krav utanom godt humør, og om du ikkje kan notar eller du aldri har spelt blåseinstrument før er det ingen hindring. Me har øving kvar torsdag frå 18:30 til 20:30. Ta kontakt med oss i korpset eller møt opp på ei øving om du vil begynna. Tenk deg ei 17. mai feiring utan korps...

Etterlysing

Korpset etterlyser musikkinstrument som ligg heime hjå folk og ikkje er i bruk. Me etterlyser òg uniformer. Dersom de har liggande instrument eller uniform heime som ikkje blir brukt, set me pris på om det vert returnert snøggast råd.

Damekveld

Fredag 13. mars kl 20 på kafeen.

Jegerprøven

Oppstart Mandag 23. Februar 2015 kl.17.00 ved Flatbygdi skule. 30 timars kurs. For spørsmål og nærmare info kontakt: Bernt G. Skogsrud 48 12 51 26
Arr. Vik Jakt og Fiskelag

Bokbåten Epos

Bokbåten Epos kjem for siste gong til Fresvik onsdag 4. mars. Fylkeskommunen har diverre bestemt at dette tilbodet fell bort i Sogn og Fjordane, så no er det siste sjanse til å få oppleve dette unike tilbodet. Vi får sjølvsagt låne kassevis med bøker, som alltid, og vi får servert kulturprogrammet:

Fabiolas koffert - med Line Møller-Christensen
Line Møller-Christensen er frå Ålesund og har si utdanning frå Ecole Jaques Lecoq i Paris, der ho m.a. lærte om fysisk teater og klovning. Line har tidlegare reist rundt som klovner og ho har jobba med gateteater rundt i Europa. I 2014 starta ho teaterkompaniet ‘‘Surface of a bubble’’ og turnerte mykje i Storbritannia. Tidlegare har ho m.a. reist til Myanmar med ei klovneførestilling for barn i utsette område.

På bokbåten vil Line syna førestillinga Fabiolas koffert.

Fabiola sin magiske bokkoffert er fylt med historier frå jorda og universet. Frå kofferten dukkar det opp skapningar vi kjenner frå før – og nye venner, slik som Fabiola sin bestevenn, Petter Stjernestøv. Førestillinga er inspirert av eventyrfigurar og av Fabiola sin fantasi, som ingen ende har...

I førestillinga vert det brukt m.a. dokker og klovneteknikk og ho er open for interaksjon og innspel frå publikum.

Gjennom førestillinga Fabiolas koffert vil Line fremja litteratur og leselyst, og ho vil visa kva for spennande opplevingar ein kan få av å leva seg inn i ei bok.

Målgruppe: frå 4 år

Informasjon til abonnentane til Fresvik Vassverk SA.

Som dei fleste er kjende med, så medførte storflaumen 28.oktober 2014, betydelege skadar på røyr gata ved renseanlegget/høgdebasenget. Vassinntaket i Kvilebakk-granden vart også fullstendig rassert, samt røyr gata frå Tretteteigen til Bruavoll. Vik kommune var behjelpelig med øyeblikkelige tiltak bl.a. tankvogn med drikkevatt og vasstilførsel fra komuntalt vassverk på Høgheim til skulen. Dei resterande abonentane fekk midlertidig vassforsyning frå vatningsanlegget i Breilid 2 dagar etter flaumen. Gjennom samtalar med Vik kommune, NVE og Asplan Viak blei ulike midlertidige tiltak vurdert. Me enda opp med å legge eit nytt inntak mellom elvi og vassbehandlingsanlegget. Dette blei satt i drift 22. desember. Vatnet går nå fra pumpe, via UV filter og ut på nettet. Høgdebasenget kan førebels ikkje nyttast av den årsak at

den midlertidige vassledningen til Bruavoll ligg for høgt i terrenget grunna arbeid på traseen/elvebredden. Ved hjelp av Asplan Viak er det satt opp prøvetakingsrutiner, som er satt iverk. Dei siste vassprøvene viser no at vatnet er heilt bakteriefritt og kan drikkast utan koking. NB! Dersom straumbrot så vil det ikkje pumpes vatn inn på anlegget. Dvs. ved planlagde straumbrot så bør ein tappa reservevatn og ellers begrense forbruket. Me vil kople inn høgdebassenget så snart forholda mellom høgdebasseng og Bruavoll tillet det. Det arbeidast også med planlegging av reetablering av vassintaket i Kvilebakken. Dette fører med seg at vassledningen må kryssa og støypast ned i elvebotn. Tiltaket må godkjennast av både NVE, Statens Vegvesen og Vik kommune.

Med helsing
Styret i Fresvik Vassverk SA.

Polske barnebøker

Biblioteket har for tida inne ei kasse med polske, og nokre få engelske, barnebøker. Kassa står plassert i barnehagen, og dei som ynskjer det kan låne bøkene heim med seg. Ta kontakt med dei tilsette i barnehagen, eller kom innom biblioteket i opningstida. Biblioteket kan også skaffe bøker for vaksne på andre språk enn norsk, det er berre å spørje.

Ny epostadresse til biblioteket:
Fresvik.Bibliotek@sfj.no
Opningstider Fresvik bibliotek:

Onsdag kl. 18 – 20
Torsdag kl. 9 – 13
Stengd i skuleferiane

Måneskinnstur til Holten.



Måndag 2. mars er det nesten fullmåne og me har vår årlege måneskinnstur til Holten.

Me møter i Skar kl 18 og fyller opp bilane sidan det er lite parkeringsplass ved Langamyrvegen. Ruslar så innover langs traktorvegen mot Holten der våre faste kaffikokarar og maten er klar. Det blir pølser og brød, kaffi og rett i koppen. Me betaler kr 30 som går til serveringa. Hugs hovudlykter og skismørning eller feller. Sjå plakat på kaien.

Nytt sjansen til ein flott skitur i måneskinn!
Trimgruppa

Fresvik Kjølelager held årsmøte

i Ungdomshuset mandag 16. mars kl 14.

Me prøver i år med møte på dagtid. Det er særleg for å gjera det lettare for dei tilreisande, men me håpar at det ikkje gjer det vanskelegare for produsentane å møta.

Utanom dei vanlege årsmøtesakene med årsmelding, rekneskap og val vert det orientert om lagerstrukturen i Sogn og Fjordane.

Bærmottaka i fylket har engasjert revisjonsfirmaet B D O i Årdal til å gå gjennom alle mottaka me har i fylket i dag.

Bakgrunnen er m.a. krav frå kjøparane om vasking av alle jordbær og installering av metalldetektor. BDO skal registrera kva mottaka har av aktivitetar i dag, økonomi, behov for investeringar, m.m.

Målet er å leggja fram ei tilråding om ein mottaksstruktur som kan innfri alle krava frå kjøparane og gjera mottaka i stand til å vera minst like gode mottak for produsentane som i dag, også med utbetalingspris, og dermed stimulera til auka satsing på industribær.

Prosjektet legg opp til å aktivisera alle styra i mottaka, og gjerne aktivisera produsentar i lokalmiljøet. Prosjektet har målsetjing om å leggja fram konklusjonen ved årsskiftet 2015/2016.

Det vert og ei enkel matservering på årsmøtet, og me håpar på at dei tilreisande har litt nyttig informasjon til oss. Lerum vil m.a. gå gjennom våre leveransar til dei i 2014.

Me håpar at mange produsentar og andre interesserte har høve til å møta.

Fresvik Kjølelager v/ styret

Hjort



Det er svært mykje hjort langs vegane i vinter, og det har vore fleire påkøyrslar også på denne sida av fjorden. Tlf til politiet er 02800 og vakttelefonen til sporhundlaget er 97597215. Ver føre var og legg nummera inn på mobilen. Køyr forsiktig!

FRESVIK BEITELAG
kallar inn til Årsmøte
i Ungdomshuset
tysdag 24.02.2015 kl. 19.00

Skadeoppretting etter flaumen 28. oktober vert tema i møtet. Første del av møtet vert ope for alle. **Grunneigarar i Storedalen fom. Tretteteig samt Tundalen** er spesielt inviterte

Saker i første del av møtet:

*Orienteringar om skadeoppretting under byggeleing av Vik kommune v. Arve Hønsi
*Orienteringar om fellesprosjektet for skadeoppretting utanfor det offentlege ansvarsområdet
*Orienteringar om takseringa av flaumskadane i Storedalen og Tundalen v. Helge Noss
*Framlegg til utforming av ny køyrebru over elva; Engjabrui
*Sak ang. oppfølging av-/tilsyn med opprettingsarbeidet

ÅRSMØTESAKER

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og utval/nemnd
- Framlegg om å ta opp lån for mellombels finansiering av oppretting av flaumskadane

Enkel bevertning
Vel møtt!
Rune Hatleli, leiar